



Kjell Yri - i sårbar posisjon.

**Valstyret har i dag sagt samrøystes nei til at dei 3 øvste kandidatane på Venstrelista får røystetillegg. Dei fekk ved ein glipp ikkje utheva skrift på den innsendte lista. Vedtaket var i tråd med innstillinga frå valgeneral Geir Mogren.**

**Leiar Kristian Bringedal trur ikkje at Kvinnherad Venstre når fram med ein anke sjølv om partiet har teke tak i saka sentralt.**

- Eg er ikkje optimist, seier Bringedal til uskedalen.no og visar til at Mogren hadde tett kontakt med Kommunaldepartementet før han skreiv den negative tilrådinga si.

Dermed vil ordførarkandidat og uskedaling Kjell Yri, Resy Aak Thoresen og Håvard Bakke risikera å ikkje bli innvalde i kommunestyret.

For Yri kan det bety at han nok ein gong blir 'snytt' for ein periode. Sist det skjedde, ved det førre valet, kom han ikkje inn på grunn av ein feil på stemmesetlane sjølv om det var eit ynskje frå veljarane at han skulle bli medlem..

No blir han altså høgst truleg ståande på topp utan røystetillegg og det kan føra til at han ikkje kjem inn denne gongen heller.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen